

ALAT (alanin aminotransferase) i serum

Bakgrunn

Ved skade på leverceller kjem auka mengde ALAT ut i blodbana via sinusoider og lymfekar. ALAT er til stades i alle vev, men aktiviteten er særleg høg i lever, der enzymet er lokalisert til levercellene sitt cytoplasma. ALAT er i praksis eit ganske leverspesifikt enzym. Halveringstida for enzymet er ca. 2 døgn.

Indikasjonar

Diagnostikk av og kontroll ved parenchymatøs leverskade.

Prøvemateriale



0,5 ml serum teke på rør tilsett gel eller rør utan tilsetting.
Haldbarheit serum: 4 døgn.

Referanseområde

Menn: ≤ 70 U/l

Kvinner: ≤ 45 U/l

Tolkingar

Berre høge verdiar har klinisk betydning.

Svært høge verdiar (meir enn 500U/l) ser ein ved akutte hepatittar av ulike etiologiar.

Moderat for høge verdiar (mindre enn 500U/l) ser ein ofte ved gallevegslidingar, kroniske hepatittar, primær og sekundær levercancer, og ved medikamentell leverskade.

Biologisk variasjon: Intraindividuell biologisk variasjon: 24,3%